



## ÅRSMELDING 2018

### INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

omfattar kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss, og har kontor i Bøndenes Hus i Skulegata på Voss.

### NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT

omfattar kommunane Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Fedje, Fjell, Fusa, Kvam, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Sund, Vaksdal og Øygarden, og har kontor i Statens Hus i Bergen.

### IDÉ- OG VERDIGRUNNLAG

Jordskifteretten skal vere uavhengig. Den skal sikre og fremje rettstryggleiken og verne om rettssamfunnet. Jordskifteretten skal til ei kvar tid ha høg tillit i samfunnet.

### ORGANISASJON OG PERSONELL

Jordskifteretten er ein spesialdomstol som har som oppgåve å løyse problem knytt til eigedomar i heile landet. Jordskifteretten sitt samfunnsoppdrag er gjennom offentleg rettargang å leggje til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom og ressursar til beste for eigarane, rettshavarane og samfunnet.

#### Tilsette i 2018:

Jordskifterettsleiar	Thorbjørn Svane (Felles leiar for begge domstolane)
Jordskiftedommar	Svein Linga (Voss)
Jordskiftedommar	Kristin Lande til 31.8 (Bergen)
Jordskiftedommar	Solfrid Mykland Fjell (Voss/Bergen)
Jordskiftedommar	Olav Bruflot (Bergen)
Jordskiftedommar	Frode Pettersen, til 30.11 (Voss/Bergen)
Jordskiftedommar	Audun Bruflot, frå 1.10 (Voss/Bergen)
Overingeniør	Stig Kogstad (Bergen)
Overingeniør	Linda Benjaminsen (Bergen)
Overingeniør	Kai Morten Kleivane (Bergen)
Overingeniør	Sigbjørn Hauge (Voss)
Overingeniør	Oddbjørn Helland (Voss)
Rådgjever	Kjersti Instebø Borlaug (Bergen)
Førstekonsulent	Eva Straume (Bergen)
Førstekonsulent	Kari Nestaas (Voss)

I 2018 har ei dommarfullmektigstilling vore vakant. Arbeidssituasjonen for dei tilsette er svært krevjande som fylgje av for få tilsette, det store antal nye krav og for mange føreliggjande saker ved årsskiftet 2018/2019.

### SAKSARBEIDET

I 2018 kom det inn 14 nye krav og det vart slutta 19 saker i Indre Hordaland. I Nord- og Midhordland kom det inn 50 nye saker og 58 vart slutta. Samla er dette om lag eit gjennomsnittleg antal nye innkomne krav. Ved utgangen av 2018 låg det føre til saman 118 saker til behandling.

I Indre Hordaland er føreliggjande saker fordelt med om lag 30 % på rettsendrande saker (ny eigedomsutforming, bruksordningar eller sams tiltak), med 60 % på rettsfastsetjande saker (grensefastsetjing eller rettsutgreiing) og med 10 % på skjønnsaker.

I Nord- og Midhordland er føreliggjande saker fordelt med om lag 40 % på rettsendrande saker, med 55 % på rettsfastsetjande saker og med 5 % på skjønnsaker.

### SERVICE OG INFORMASJON

Eit viktig mål er å heve servicenivået ved å redusera ventetida for nye saker. På grunn av det store antal nye krav ved Nord- og Midhordland må partane rekne med ei ventetid på om lag 17-20 månader. Ved Indre Hordaland må partane rekne med ei ventetid på om lag 9-12 månader.

I rettsfastsetjande saker med tvist har me eit godt tilbod til dei som ikkje vil venta så lenge, og som ynskjer å koma fram til ei løysing alle partar er nøgde med – nemleg rettsmekling. I 2018 vart det rettsmekla i 25 saker, og i om lag 65 % av desse vart saka forlikt. Dette er eit resultat me er godt nøgde med. Rettsmekling vert ved begge domstolane gjennomført av ingeniør eller jordskiftedommar.

For å redusera ventetida og saksbehandlingstida er det gjennomført fleire tiltak. Domstolen har særleg hatt fokus på kompetansetiltak knytt til rettsmekling og saksbehandlingssystemet, Lovisa.

For å få ei effektiv ressursutnytting er to dommarar utnemnde i begge sokn. I tillegg har det vore fokus på å nytta ingeniør- og saksbehandlarkompetanse som ein felles ressurs for dei to domstolane. Domstolen har også bidratt med ressursar til andre sokn i Gulating/Frostating. Det er halde fagseminar i jordskiftelova for advokater i Hordaland og Sogn og Fjordane. Domstolen har også bistått med ressursar til felles sentrale kompetansetiltak.

## **SAKSTYPE ETTER JORDSKIFTELOVA**

### **I. Jordskifte – kapittel 3**

Jordskifteretten kan etter jordskiftelova kap. 3

gjennomføra fylgjande som eiga sak:

§ 3-4 Ny utforming av eigedom og alltidvarande bruksrett

§ 3-5 Skiping av sameige mellom eigedommar

§ 3-6 Oppløysing av sameige mellom eigedommar

§ 3-7 Deling av eigedom som ligg i personleg sameige

§ 3-8 Gje bruksordningsreglar for felles vegar, organisering av jakt, fiske, beite m.m.

§ 3-9 Pålegg om felles tiltak og felles investeringar i samband med felles bruk av eigedommar eller bruksrettar, eks. felles privat veg

§ 3-10 Skiping av lag og fastsetjing av vedtekter, f.eks. veglag for private vegar.

Det er eit vilkår for gjennomføring av jordskifte etter paragrafane nemnt ovanfor at minst ein eigedom er utenleg og at det ved jordskifte kan skapast meir tenlege eigedomstilhøve. Vidare kan jordskifte berre nyttast dersom kostnadane og ulempene ved saka ikkje overstig nytten for den enkelte eigedom.

### **II. Rettsfastsettande saker – kapittel 4**

Tvist om eigedomsgrenser eller rettar knytt til fast eigedom kan vera eit hinder for bruken av eit område. Jordskifteretten kan løysa saker og fastsetje rettsforhold med heimel i jordskiftelova:

§ 4-1 Rettsutgreiing

§ 4-2 Grensefastsetjing

I slike saker vert tvist løyst ved rettsforlik eller dom.

### **III. Skjønn – kapittel 5**

Skjønn er ein sakstype der jordskifteretten fastset pengeerstatning for inngrep i, eller påført ulempe for, eigedom. Det kan også fattast andre avgjerder om rettar og

plikter for fast eigedom utan at det vert utmålt pengeerstatning.

Ved jordskifte kan ein få løyst fleire problem i ei og same sak. Ei jordskiftesak kan vere både rettsfastsettjande og rettsendrande. I ei vegsak kan partane t.d. både få avklart kven som har vegrett, avklart om nye partar skal betale seg inn i veggen og etablere eit veglag for å ta seg av den vidare drift og vedlikehald av veggen.

Informasjon om arbeidsoppgåvene, korleis du kan krevje sak m.m. finn du på [www.jordskifte.no](http://www.jordskifte.no).

Interesserte kan få meir informasjon ved å kontakte jordskifteretten.

#### **NORD- OG MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT**

Kaigaten 9, Pb 7316 – 5020 Bergen

Telefon: 55 69 37 00

E-post: [jberpost@domstol.no](mailto:jberpost@domstol.no)

Heimeside: [www.domstol.no/jber](http://www.domstol.no/jber)

#### **INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT**

Skulegata 11 A – 5700 Voss

Telefon: 56 52 91 90

E-post: [indre.hordaland.jordskifterett@domstol.no](mailto:indre.hordaland.jordskifterett@domstol.no)

Heimeside: [www.domstol.no/jvos](http://www.domstol.no/jvos)